



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP

BACHELOROPPGAVE

Studieprogram: BBDBAC/BBLBAC

Hausten 2023

Kandidatnummer(e): 7026

Tittel: Musikkens innflytelse på språket

Fag:
Musikk

Hovud omgrep i oppgåva : Musikk, språk, musiske aktivitetar, trygghet, sosial kompetanse.

Side tall: 29

Tau

01.01.2024

Samandrag:

I forskingsprosjektet eg har eg tatt føre meg problemstillinga: «*Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen*» Det og sjå på korleis andre barnehagar jobbar og tenkar om musikk som eit verktøy til språkutvikling er noko eg syntes har vært spennande. Musikken, rim og regler er noko me er innom kvar dag i barnehagen og det og tenka meir over kva effekt det har for språket er spennande.

Det har blitt brukt kvalitativ forskning ved hjelp av intervjuar for å finna ut om kva informantane tenkte om musikk og språk. Eg har så brukt funnen frå intervjuar for å drøfta med problemstillinga og teori. I avslutninga har eg trekt fram dei viktigaste momenta frå forskingsprosjektet mitt og litt av egne tankar og kva er sitt igjen med etter dette forskingsprosjektet.

Forord

Aller først vil eg takka mine tre informantar som sa ja til og bli intervjuet. Veldig kjekt å få intervjuet, og høyra kva andre tenkar om musikk og språk.

Eg vil så takka veiledaren min, Merethe Rage Aasvold for veldig god hjelp og eit godt push for å komme i gang og i mål med oppgåva. Tusen takk!

Til slutt har eg lyst å takka familie, kjerist å besteveninna. Takk for god hjelp og støtte i skriveprosessen.

Innholdsfortegnelse

1.0	Innleiing	6
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	6
1.2	Problemstilling.....	6
1.3	Prosjektets oppbygging.....	7
2.0	Teori	7
2.1	Innleiing.....	7
2.2	Rammeplanen.....	8
2.3	Toddlerar.....	8
2.4	Omgrepet musikk.....	8
2.5	Omgrepet språk.....	9
2.5.1	Fonologi- læra språklydane.....	9
2.5.2	Morfologi.....	10
2.5.3	Syntaks.....	10
2.5.4	Semantikk.....	10
2.6	Arbeid med språk.....	11
2.6.1	Musiske aktivitetar for å fremma språk.....	11
2.6.2	Gode samtalen.....	11
2.7	Trygghet.....	12
2.8	Sosial kompetanse og utvikling.....	12
2.8.1	Sosial kompetanse- barn og musikk.....	12
2.9	Indre motivasjon og ytre motivasjon.....	13
3.0	Metode	13
3.1	Val av metode og kvifor.....	13
3.2	Intervju som metode.....	14
3.3	Informantane.....	14
3.4	Planlegging og gjennomføring.....	15
3.5	Erfaringar etter intervju.....	16
3.6	Presentasjon av funn og analyse i oppgåva.....	16
3.7	Forskingsetikk.....	16
3.8	Feilkjelder.....	17
4.0	Empiri	17
4.1	innleiing.....	17
4.2	Musikk og språk.....	18
4.2.1	Informantanes tankar om musikk og korleis det blir brukt i barnehagekvardagen.....	18
4.2.2	Informantens tankar om språk og korleis det blir brukt i barnehagekvardagen.....	18
4.3	Tankar om at musikk påverkar barns språk og språkutvikling.....	19
4.3.1	Musikk og språk som ein samanheng, er det eit bevisst forhold til musikk og språk i barnehagekvardagen?.....	19
4.3.2	Musikkens påverking og korleis blir musikken brukt i forhold til barnas språkutvikling.....	20

5.0 Drøfting	21
5.1 innleiing	21
5.2 Når eit barn lærar språket	21
5.3 Rammeplanen og språkstimulerande aktivitetar	22
5.4 Musikken som hjelpemiddel for å fremma språket.....	23
5.5 «Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen»	24
6.0 Avslutning	24
7.0 Litteraturliste	26
8.0 Vedlegg 1. Samtykkeskjema	27

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Kvifor har det blitt til at eg har valt å skrive om musikk og språk i denne oppgåva? Eg synast musikk og språk er noko som har blitt meir og meir spennande med åra. Til dagleg jobbar eg på ein småbarnsavdeling og det å sjå samanheng mellom musikk og språk er noko eg har sett meir og meir at er veldig spennande. Eg har fått sett ein større verdi i det, og ser kor nyttig og lærerikt det er med musikk som eit hjelpemiddel til språkutviklinga. Det er facinerande å sjå eit barn som ikkje har språk vera med å synga songar eller fortella heile rim og regler

Ein ser da at det ikkje berre er små ord som kjem ut men faktisk heile setningar. Innvirkninga musikk, rim og regler har på barn er noko eg har bite meg merke i og synest er spennande. Det å kunne besøke andre barnehagar å høyra kva informantar der tenkjer om musikk og språk i barnehagekvardagen og korleis det påverkar barna er noko eg har sett på som spennande og lærerikt.

Nora Bilalovic Kulset skriver i boka: *din musikalske kapital* at musikalitet blir anset som ein medfødt eigenskap sjå alle menneskar, og at det er ein eigenskap me treng for å kunna kommunisera med kvarandre. (Kulset, N. 2018, s.42)

Gjennom denne oppgåva er hovudpoenget å sjå nærmare på kva andre barnehagepedagogar tenkar om musikk og språk som ein samanheng og korleis det blir jobba med i barnehagen.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga for denne oppgåva er: «*Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen?*». *Forskingsspørsmåla til oppgåva er: «Kva tenkar du som barnehagelærer at musikk og språk kvar for seg er?» og «Kva tenkar du som barnehagelærer om at musikk påverkar barns språk og språkutvikling?»* Eg vil her bruka problemstillinga til å finna meir ut kva barnehagelæraren tenkar om at musikken påverkar språk og språkutviklinga. Forskingsspørsmåla er med på å hjelpa å forstå kva dei tenkar om musikk og språk kvar for seg og korleis det påverkar språkutviklinga.

1.3 Prosjektets oppbygging

I dette forskingsprosjektet vil oppbygginga bestå av innleiing, ein del med faglitteratur og teori som eg tenkar har vore relevant å ta med i forhold til problemstillinga eg har hatt gjennom prosjektet og ein drøftingsdel.

I teori delen vil eg blant anna gå inn på musikk og språk, deira samanheng og ulike omgrep som sosialkompetanse, trygghet og indremotivasjon og ulike teori som er relevant. Etter det vil det komma ein metode del der eg fortell om metoden eg brukte for å innhenta informasjon. Metoden eg valte var intervju og det blei intervjuet tre personar, to frå anna barnehage og ein frå eigen barnehage. Etter methodedelen kjem det ein empiridel.

Der vil eg komme med informantane sine svar på intervjuet der eg har tatt ut det eg tenkte var mest sentralt og viktig å ha med i forhold til resten av oppgåva. Drøftinga vil vere ein del av oppgåva etter empiri delen. Her vil eg blant anna drøfte rundt tema når eit barn lærer språket, rammeplanen og språkstimulerande aktivitetar, musikken som hjelpemiddel for å fremma språket og korleis bruk av musikk kan påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen. Avslutningsvis oppsummerar eg oppgåva, og delar litt av mine tankar etter prosjektet.

2.0 Teori

2.1. Innleiing

I denne delen vil eg gå gjennom ulike faglege perspektiv som eg kan bruka og knytta opp mot problemstillinga «*Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen*». I teoridelen her vil det bli skriva litt frå barnehagen sitt styringsdokument, rammeplanen, litt om kva toddleralderen er og kjenneteikn på den alderen. Vil skriva litt om kva musikk og språk er, språkssystemet, korleis ein kan arbeida med språk og ulike språkaktivitetar som musiske aktivitetar, litt om trygghet som ein viktig faktor for læring og sosial kompetanse og da sosial kompetanse- barn og musikk og til slutt litt om kva indre motivasjon er for barn.

2.2 Rammeplanen

I Rammeplanen som er eit av barnehagane sitt styringsdokument og som barnehagane skal følja, står det mykje om både det språklega men også det kreative og musiske. Blant anna om musikk står det at personalet i barnehagen skal vera med på å motivera barna til å utfolda og uttrykka seg gjennom musikk, dans, drama og annan skapande verksamheit. Ein skal også gi dei ei moglegheit for å utvikla varierte uttrykksformar. (Kunnskapsdepartementet, 2017. s.52) Noko av det som står om språk i rammeplanen er at personalet skal anerkjenna og respondera på barns ulike verbale og non-verbale uttrykk og støtta deira språkutvikling. Det er ikkje alle barn som har eit verbal-språk, men kommunisera kan dei på sin måte. Det er viktig at me som arbeidar i barnehagen ser alle uansett kommunikasjonsmåte. Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnets utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling. (Kunnskapsdepartementet 2017.) Ein aktivitet som kan fremma språk er for eksempel musikkaktivitetar.

2.3 Toddlerar.

Barn i alderen 1-2 år blir kalla toddlerar. I denne alderen er barna veldig kroppslege aktive, dei brukar kroppen aktivt til å kommunisera med og det er ikkje alltid like mykje språk. Kroppen deira er ein heilhet av tankar, følelsar, sansar, motorikk og fysiologi- dei er naturleg integrert med og i verda. Det å ha leik og aktivitetar som stimulerer ulike sansar, språket, kognitiv og motorisk utvikling er bra i denne alderen. (Röthle, 2013.)

2.4 Omgrepet musikk

Kva går under omgrepet musikk? Vil aller først starta med eit sitat frå Platon: «Musikk gir universet sjel. Den gir sinnet vinger, fantasien flukt, Alvoret sjarm og den gir munterhet og liv til alt.». Tanken når ein fort høyrer ordet musikk så går det rett over på at det omhandlar song, men musikk er så mykje meir enn berre song. Musikk handlar eksempelvis om lyd, instrument, rytme, kommunikasjon, kjensler, trygghet, tonar, stemme, fremmer leik, kropp, klang. Dei brukar sansane og musikk er positivt

for barns språkutvikling. Barn elsker utforskning og det å bruka sansane sine, og gjennom musikk og lyd er barna sansande og utforskande. (Sæther, 2017, S.80) . Nora Bilalovic Kulset skriver i boka: *din musikalske kapital* at musikalitet blir anset som ein medfødt eigenskap sjå alle menneskar, og at det er ein eigenskap me treng for å kunna kommunisera med kvarandre. (Kulset. 2018, s.42)

2.5 Omgrepet språk.

Noko av det viktigaste som skjer i eit barns liv er å lære språket. Man har ulike former for språk som kroppsspråk og verbalspråk. Man lærer å forstå verda gjennom språket. Språket er med på å gi identitet og tilhøyrse, samtidig er språket avgjørande for den kognitive, emosjonelle og sosiale utviklinga. Når ein lærer seg språket må ein både læra seg kva språket blir brukt til og læra sjølve språksystemet. Språksystemet er satt inn i ulike nivå. Her har ein fonologi som er lydsystemet, morfologi som handlar om korleis ord lages og bøyes, syntaks er systemet for korleis ord blir satt saman til setningar og ein har semantikk som handlar om kva orda betyr. Mellom samspel barn-vaksen blir desse delsystema oppdaga gradvis og heilt ubevisst av barna.(Høigård, 2019 s.15) Som menneske og barn har ein medfødt evne til å læra seg språket, men det er avhengig av å få delta i både sosialt og språkleg samspel med andre. Språket blir bearbeida og systematisert i barnets eige tempo og barn bearbeidar språket ubevisst frå første stund. (Høigård, 2019. s.79) Nokon barn kan vera tause når det kjem til språk og snakking, som er heilt normalt, men her kan musikk og song vera ein hjelp for å få tause barn til å bruka det motoriske i språket. Her får barna øvd seg på både lytting og språket utan at det er forventa nokon vidare kommunikasjon (Kulset, 2023. S. 110)

2.5.1. Fonologi- læra språklydane.

Fonologi er lydsystemet. Det handlar om språklydar og stavingar, og det går på det musikalska av å læra seg språket. Fonologisk utvikling handlar om at barna oppdagar og lærer seg systemet av språklydar og at dei da klarer å få fram dei aktuelle språklydane slik at dei kan få fram dei ulike ordbetydingane. Barna går frå å laga språklydar dei høyrer rundt seg til eit meir stavelsesbaling der det blir brukt konsonant og vokal ilag, slik som ba-ba eller ma-ma-ma. Når ein merkar denne

endringa i vokaliseringa ser ein at barnet begynner meir og meir å systematisera og ordna den språklege lydmassen de blir omgitt av. (Høigård, 2019. s.83)

2.5.2. Morfologi

Morfologi handlar om ordlaging og ordbøyning. Her lærar ein korleis eit ord er bygd opp, korleis dei kan læra seg kunnskapen om orda og sjølv ta den kunnskapen i bruk. Barn er nysgjerrige, lærevillige og vil gjerne fange opp kva som blir sagt og vil da prøve å etterlikne og seie orda sjølv. Når barna får eit større ordforråd og uttalen blir betre er det også med på å gjera at dei får ein aukande forståing av korleis orda er bygd opp. Når den morfologiske utviklinga skjer blir det tydeleg at barna ikkje berre hermar etter språket dei høyrar rundt seg, men ein skjønner at dei har begynt å analysera orda meir og Grammatikken blir arbeida med. (Høigård, 2019. s. 94-95)

2.5.3. Syntaks

Syntaks handlar om å sette ord saman til større innhaldsmessige einheiter og setningar, slik som: sitta der eller sova Per. Ordstilling, intonasjon og rytmiske forhold kan fortella ein kor langt ein er komen språkmessig i utviklinga. Når barna først begynner å ytra seg består det av enkeltord, men ein kan allereie her forstå kva barna vil fortelja. Dette blir kalla ettordshelheter. Toordsytring er når barnet begynner å setta saman to ord til ein einheit, og det er først da ein snakkar om syntaks i barnespråket. (Høigård, 2019.s.98)

2.5.4 Semantikk

Semantikk er læra om kva dei ulike orda betyr, medan setningssemantikk handlar om kva setninga betyr. Den semantiske utviklinga heng saman med barnets utvikling av kunnskap, ord og kunnskap er to sider av same sa. Blir den eine stimulert og aukar, aukar også den andre. Sematikk handlar om at ein stadig utviklar og nyanserar omgrepa, ein sorterer og klassifiserer. Ein ball kan for eksempel både vera eit leiketøy men også sportsutstyr. Språkmiljøet barnet er i er viktig og avhengande for den semantiske utviklinga. Barnehagen er ein viktig arena der ein kan vera med på å gi barna eit stimulerande språkmiljø. (Høigård, 2019, s.109-110)

2.6 Arbeid med språk

At eit barn har eit godt og velutvikla språk har noko å seie både for her og nå, og for seinare utvikling, skulegang og læring. Barna som går i barnehagen skal alle få mogligheita til å læra språket, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, same kva morsmål og føresetnad dei har for å læra språk. Alle skal få delta i kommunikasjon og dagleg samvær med andre. Både vaksne og barn kan vera med og gi kommunikatív og språkleg utvikling. Musiske aktivitetar og gode samtalar er to aktivitetar som særleg er med på å fremma barns språkutvikling. (Høigård, 2019, s. 167)

2.6.1 Musiske aktivitetar for å fremma språk.

Rytme, bevegelse og lyd er dei musiske grunnelementa, og grunnlaget for språket ligg i det musiske. Musisk er musikk, song, og dans. Men det er mykje meir enn berre det. Når det kjem til språklege samanhengar er det alt som har med lyd, klang, rytme og gjentakning musiske element. (Høigård, 2019. s.24) Barn blir fort med på aktivitetar som omhandlar det musiske, og dei treng da ikkje vera langt komne i språkutviklinga. Ein god aktivitet for inkludering er å setta i gong med musikkaktivitetar og dra fram rim og regler. Her får barna fellesreferansar gjennom gleder over rytme, bevegelse og orda. Når barna er med og syng skjer det mykje god språklæring. Jo meir eit barn syng songar med eit innhald som fortell noko, kan dei gjennom songane læra seg lengre tekstar enn dei kanskje ellers ville ha snakka fram utan støtta som tonar, rytme, rim og klang gir. Gjennom dette kan det musiske vera med på å gjera det lettare og mestre ein lengre tekst. (Høigård, 2019. s.168-169) Når barn er i samspill med andre og da gjerne i songstunder får dei ein moglegheit til å observera andre som brukar målspråket, og da kan barna herme ved å også bli med å syngja. Her er det ikkje like viktig å hugse nøyaktig kva ein skal seia og ein treng heller ikkje forstå heilt nøyaktig kva ein syng. Barna får da øvd seg på språklydane, dei får observert andre som brukar målspråket og prøvd seg på språklydane utanfor ein samtale som skal vera meir som ein dialog. (Kulset, 2023. S. 109)

2.6.2 Gode samtalen

For at ein samtale skal vera god må det vera ein viss gjensidigheit. Det må vera noko som engasjera samtalepartneren og det må skje i ein følelsesmessig god atmosfære.

Når ein har ein god samtale med eit barn er det med på å gi dei ord og omgrep som hjelper dei eg å forstå sin eigen tilværelse og skapa meining. Den vaksne må vera bevisst på språkbruk og tilpassa språket til barnet ein snakkar med. (Høigård, 2019. s.169)

2.7 Trygghet.

Rammeplanen fortell at barnehagen skal gi alle barn ei oppleving av trygghet, tilhørighet og trivsel. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.20) Trygghet handlar mykje om forutsigbarheit, det at eit barn veit kor det har den vaksne og veit at det alltid er eit trygt fang og relasjon å koma til. (Röthle, 2013. s.133) Trygghet er ein viktig del i eit barns liv, trygghet er viktig i forhold til barns utvikling og læring. For at barn skal kunna læra og utforska omverda er det avgjerande at dei har trygghet og nære omsorgspersonar dei kjenner ein trygghet å vera rundt, både i barnehagen og i heimen. (Høigård, 2019. s 20)

2.8 Sosial kompetanse og utvikling

Sosial kompetanse handlar om å meistre eit samspel med andre og å lykkast i omgang med andre, både barn og vaksne. Sosial kompetanse er kunnskap, ferdigheiter, haldningar og motivasjon menneske treng for å mestre det miljøet ein oppheld seg i. Den sosiale kompetanse er noko som utviklar seg over tid, det skjer gjennom både positive og negative erfaringar. Den sosiale utviklinga er noko som skjer gjennom heile livet. Sosial utvikling handlar om individets utvikling om å inngå sosiale samspel med menneske i sine omgivnader. Spedbarn har ein medfødt mottakelegheit til å inngå i sosiale samanhengar, men det er avhengig av trygge relasjonar. Godt samspel er avgjerande for den språklege utviklinga. (Askland & Sataøen, 2019, s.145)

2.8.1 Sosial kompetanse- barn og musikk

Språket er ein veldig god kommunikasjonskjelde, når ein har språket er det lettare å kunna kommunisera med andre rundt deg. Ein har barn og/elle toddlerar som ikkje har lært seg og snakka, kan kommunisera på mange andre måtar. Som for eksempel gjennom musikken. Barn som ikkje har språk har rytmen og kroppsspråk, og barn som ikkje kan snakke heile setningar kan gjerne synge ein heil song. Når ein er

sosiale rundt song og musikk så er det ikkje språket som er i hovudfokus, men språklæring kjem snikande inn gjennom det musiske. (Kulset, 2023 s. 107) Når ein er ilag med andre og syng kan ein få ein følelse av at ein har meir tilhørigheit og ein kan fortare blir ein del av det sosial fellesskapet. (Kulset, 2023, s.107) Kvifor blir ein glad og føler eit sosialt samhald gjennom musikken er det mange faktorar til. For eksempel kan ein kjenna på ein gjensidig glede, ein møtes på tvers av alder, språk, sosial status og kulturelle forståingar. Det er viktig er å ha ein trygg relasjon for å kunna tileigna seg språket og ha eit sosialt samspel med andre. (Kulset, 2023, s.108) Dei musiske aktivitetane sjå barn fremmar utvikling på alle områda: Emosjonelt, sosialt, motorisk, estetisk og kognitivt. (Høigård, 2019. s. 27)

2.9 Indre motivasjon og ytre motivasjon

Me som menneske har både noko som heitar indre motivasjon og ein ytre motivasjon for å gjennomføra ulike oppgåver. Ved indre motivasjon handlar det om at ein gjennomfører ulike oppgåver eller har lyst til å gjera noko fordi ein kjenner ein indre sjølvstendigheit eller har satt seg nokon eigne mål for suksess. Med ytre motivasjon er ein meir opptatt av å få høyra ris og ros frå andre menneske for å gjennomføra eller villa prøva ulike oppgåver. Eit barn som har utvikla sin indre motivasjon og kjennar til korleis ein kan jobba mot at det er lysten sjølv til å få til noko som er viktig er med på å styrka kompetansemotivasjonen. Dei som utviklar ei veldig ytremotivert utvikling vil vera veldig avhengig og opptatt av dei andre sin ris og ros på ting dei gjennomfører, som igjen vil vera med på å svekka barnets kompetansemotivasjon. (Lillemyr, 2018. s. 214)

3.0 Metode

3.1 Val av metode og kvifor

I mitt forskingsprosjekt har eg valt å skrive ei empirisk oppgåva med fokus på kvalitativ forskning, der eg da har brukt intervju som metode. Problemstillinga eg hadde med meg ut til informantane var: «Korleis ser du som barnehagelærer på at musikk, rim og regler påverkar barns språklege utvikling?» Som forskings spørsmål

hadde eg: «Kva tenkar du som barnehagelærer om musikk og språk kvar for seg?» og «Kva tenkar du som barnehagelærer om at musikk påverkar barns språk og språkutvikling?». Eg valte å gå for intervju for eg ville høyra med andre barnehagelærere om dei såg samanhengen mellom musikk og språk. Følte sjølv det kunne vera meir nyttig for denne oppgåva og intervju vaksenpersonar enn for eksempel observera barn, da eg følte det blei for kort tid å sjå ein forskjell på barns språkutvikling i løpet av nokon observasjonsrundar, og eg ville finna ut kva dei vaksne tenkte og bevisstheita rundt at musikk faktisk kan påverka språkutviklinga.

3.2 Intervju som metode

I eit kvalitativt intervju er målet å samtala om eit tema som opptar begge parter. Her er ikkje målet åleine om å utveksla synspunkt om temaet, men å utveksla ein samtale som kan føra til ny kunnskap. (Dalland, 2020. s.68) Eg valte å gå for eit semistrukturert intervju, som har faste spørsmål men opne svar, rekkefølga på spørsmåla er open og fleksibiliteten er høg. Eg valte på forhand å laga ein intervjuguide. (Dalland, 2020. s.67)

3.3 Informantane

Valet for kven eg bestemte meg for å intervjuet handla mykje om at dette var personar eg viste hadde kunnskap og eg ville høyra meir om deira rolle som barnehagelærer og kva tankar dei hadde om musikk og språk, som vil seia at eg gjor eit strategisk val. (Dalland, 2020. s. 79) Eg valte å gå direkte til den eine informanten og til dei to andre hørte eg med styrar i barnehagen, dett for å gi rom for at vedkommande skulle få tid til å tenka og ikkje føla nok press på å måtta seia ja. Intervjua føregjekk i barnehagen til dei enkelte, og me fekk gode samtalar på alle intervjua. Eg har anonymisert alle informantane, dette for å sikre deira identitet. Vil nå fortelja litt bakgrunnsinformasjon som alder, kor lenge dei har jobba som pedagogisk leder, kva musikk betyr for dei og kva deira forhold til musikk er og påverkar dei.

Informant A: Kvinneleg pedagogisk leiar på småbarnsavdelinga i alderen 50-60 år. Vedkommande har jobba 29 år som pedagogisk leidar. Musikk for informant A betyr mykje, vedkommande liker godt og syngja saman med barna. Musikk er noko som gjer ho glad, men lik ikkje musikk som bakgrunnsstøy. Ho fortell at ein skal tenkja

gjennom kva tid ein ynskjer å bruka musikk, det passar ikkje i alle situasjonar, det er også viktig og tenkja over kva musikk ein brukar. Tilby barna variert musikk.

Informant B: Kvinneleg pedagogisk leiar på småbarnsavdeling i alderen 30-40 år. Vedkommande har jobba 6 år som pedagogisk leiar. Musikk for informant B betyr mykje, høyrer på musikk kvar dag. Musikken er med på å regulera og bearbeida følelsar og dagane. Musikk er noko fint, noko som passar alle og alle anledningar. Informant B sitt forhold til musikk er at ho blir glad, det gir mykje følelsar. Gjennom musikken kan ein uttrykka kva ein kjennar på inni kroppen. Blir i godt humør.

Informant C: Kvinneleg pedagogisk leiar på småbarnsadeling i alderen 50-60 år. Vedkommande har jobba i 16 år som pedagogisk leiar. Musikk for informant C betyr veldig mykje. Det betyr alt, musikken blir brukt mykje på jobb og utanom. Informantens forhold til musikk er at det gir betre livskvalitet. Åndeleg føde, gir noko åndeleg og er trosstyrkande. Musikken gir glede og er berolegande. Musikk er fantastisk fortell informanten. Ho fortell også at for henna ville det vore verre å vera døv enn blind. Musikken er ein måte å forstå livet på. Det å dela tekstar med andre kan vera med på gi andre og sterkare band.

3.4 Planlegging og gjennomføring

Eg starta planlegginga og sette i gong å laga ein intervjuguide, før eg tok kontakt med ein barnehage der eg fekk intervju to informantar. Den tredje informanten jobbar i barnehagen eg sjølv jobbar i. Eg intervju ein informant i min eigen barnehage sjølv om det ikkje er anbefalt, på bakgrunn av eigen motivasjon for å fullføra og at denne informanten er veldig interessert og opptatt av musikk, og musikk og språk ilag. Eg tok kontakt meg styraren i barnehagen sjå dei to informantane og tok sjølv direkte kontakt med den tredje informanten. Dei fekk eit skriv tilsendt om informasjon om kva intervjuet ville gå ut på og eit samtykkeskjema dei skreiv under på. Når det kom til informanten i eigen barnehage prøvde eg å vera veldig bevisst på at me hadde ein anna relasjon enn eg har til dei to andre informantane. Eg personleg syns det var lettare å få til ein god samtale rundt intervjuet med personen eg kjente frå før av enn med dei to andre. Etter eg hadde intervju alle tre tok eg notatene og

transkriberte dei. Da finskreiv eg notata mine og skreiv ned ord for ord om kva som blei sagt. (Dalland, 2020. s.95)

3.5 Erfaringar etter intervju

Mine erfaringar etter å ha brukt intervju som metode for å innhente informasjon er at det er ein grei måte å hente inn data på. Som nemnt tidligare så syns eg det var greit og enklare å ha eit intervju med personen eg hadde kjennskap til enn dei to andre. Var spennande og henta informasjon om kva andre tenkar om temaet. I løpet av ein jobbdag er det ikkje slike ting ein kjem inn på og får reflektert så mykje rundt, så syntes det var interessant å høyra om kva andre tenkte om musikk og språk som ein samanheng. Kunne kanskje hatt litt meir ulike spørsmål i intervjuguiden da nokon av dei gjekk litt inn kvarandre.

3.6 Presentasjon av funn og analyse i oppgåva

Funna eller empiridelen i dette forskingsprosjektet vil bli lagt fram som ein blanding av kva informantane sa direkte, det vil bli satt inn som sitat og det vil bli skreive inn som mine ord men kva informantane sa sjølv, dette da alle tre informantane ofte sa mykje lik, eller det var ikkje likt ordrett men meininga var det same Eg har prøvd å strukturert det etter slik eg tenkte det var logisk rekkefølge å ha det i. Som i kva dei la i musikk og språk først, før det går over til kva samanhengar dei tenkte musikk og språk hadde og korleis det blir brukt i barnehagen og om dei såg noko effekt av bruken av musikk som hjelp i språkutviklinga.

3.7 Forskingsetikk

Etikk handlar om prinsipp, reglar og retningslinjer for om noko er riktig eller gale. Etikk er etikk enten det er forskningsetikk eller yrkesetikk. (Dalland, 2020. s.168) Når det kjem til forskningsetikk skal ein alltid jobba mot ny eller betre innsikt og forståing. (En smak av forskning, s.92) Det blei sendt ut samtykkeskjema på forhand der informantane fekk informasjon om kva dei skulle bli intervjuet om og korleis opplysningane ville bli brukt i ettertid, og me gjekk også gjennom dette samtykkeskjema når vi møttes fysisk til intervjuet.

Gjennom oppgåva er det viktig at anonymiteten oppretthaldast så informantane er anonymisert frå «A-C». Dette for å sikre og ivareta informantane for eventuell skade og belastning i etterkant av intervjuet og oppgåva. (Dalland, 2020. s. 168)

3.8 Feilkjelder

Som nemnt tidlegare i oppgåva har eg intervjuet to personar frå ein anna barnehage og ein person frå barnehagen eg sjølv jobbar i. Her må eg vera bevisst på min kjennskap og følelsar til personen eg har godt kjennskap til. Me jobbar ikkje veldig tett ilag, men me er under same hus. Når ein arbeidar vidare med intervjuet og tekst er det viktig å spørja seg sjølv om det stemmer med heilskapsinntrykket. Når ein kjem til transkriberinga må ein vera bevisst på korleis ein gjer det og at ein ikkje legg til berre sine eigne tankar og følelsar, men tar intervjuet slik som det var og transkriberer det. (Dalland, 2020. s. 94-95) Har ein gjort eit godt forarbeid, og tenkt gjennom feilkjelder som kan førekoma er det lettare å vera bevisste og luka vekk feilkjeldene og bli så nøyaktig som mogleg. (Dalland, 2020.) Slik som i mitt tilfelle der eg veit eg har kjennskap til eine informanten. Her måtte eg vera veldig bevisst i intervjuet om korleis det blei. Men syns også det var det lettaste intervjuet, for her blei det ein anna relasjon og ein fekk ein heilt anna samtale rundt temaet. Ein Må vera bevisst på korleis ein handterer dei innhenta datamateriala, slik at oppgåva og intervjuet blir så nøyaktig som mogleg.

4.0 Empiri.

4.1 innleiing

I dette kapitlet vil eg presentera funn frå empiriske data henta inn frå intervjuet eg har gjort. Det blei intervjuet tre personar, to intervjuetpersonar frå ein anna barnehage og ein intervjuetperson frå eigen barnehage. Gjennom intervjuet belyst tematikkar omkring musikk og språk og pedagogens tankar omkring faglegheita rundt begge kompetanseområda. Dei tre informantane tenkte mykje likt om kva musikk og språk var, og det blei også jobba mykje likt i forhold til å bruka musikk, rim og regler som eit verktøy til språkutvikling.

4.2 Musikk og språk.

4.2.1 Informantenes tankar om musikk og korleis det blir brukt i barnehagekvardagen
Kva er musikk for informantane? Dei hadde alle tre ei meining om at musikk for dei var noko som omhandla song, rim og regler og instrument. *Informant B* trekk her fram at «*Menneske er musikalske, at ein gjennom musikken kan få fram ulike følelsar, kjenna glede, skapa eit fellesskap og tenka kultur og språkutvikling.*» *Informant C* fortell også at for ho er det «*fellesskap, omsorg, læring, det er berolegande, gledesskapande, ein brukar stemme og kropp.*» Musikk er ikkje berre song, rim og regler, men som Nora Bilalovic Kulset skriver i boka: *din musikalske kapital* at musikalitet blir anset som ein medfødt eigenskap sjå alle menneskar, og at det er ein eigenskap me treng for å kunna kommunisera med kvarandre. (Kulset, N. 2018, s.42)

Korleis blir musikken brukt i barnehagekvardagen? Musikken er noko som blir brukt sjå alle tre informantane heile dagane og kvar dag enten det er i barnehagen i samlinga, rundt bordet eller dei er ute på tur. Det blir både lytta til musikk, dei syng songar og det blir brukt instrument. *Informant B* seie «*Musikken blir brukt dagleg, det blir brukt i samlingar som start og slutt og ellers i samlinga. Det skjer også spontant på barns initiativ og er lystbetont*» Det blir fortalt at det er ulike fordelar reint teoretisk om at musikk er viktig i barnehagekvardagen. *Informant B* seiar «*Barn elsker musikk og song da det er noko som gir glede. Barna får uttrykka seg via song, som igjen er kjempe positivt i forhold til språket*» *Informant C* fortell at det å kunna bruka musikken er eit av hennar viktigaste reiskap gjennom dagen. *Informant C* «*Blir ofte brukt roleg musikk under frukostmåltidet, da informanten har sett effekt av dette og at barna er mindre urolege. Musikken er med på å skapa ein tryggleik*» Oppsumert frå alle tre informantane er at dei har like tankar om musikk, viktigheita av det og eg har fått eit innblikk i korleis det blir brukt i deira barnehagekvardag.

4.2.2 Informantens tankar om språk og korleis det blir brukt i barnehagekvardagen.

Kva er språk for informantane? Alle tre informantane fortell at språk er alt ein kommuniserer. *Informant C* «*Språket er meir enn berre verbalspråket, det er også kroppsspråket*» Medan *informant B* sa at det også var «*Lyd, ord, forstå alt rundt oss.*

*Viktig med relasjonar, for å forstå barns språk best mogleg» Informant A fortalte «
Viktig at barna får mykje språkstimulering.»*

Språket er ikkje berre snakking og verbalkommunikasjon. Det er så mykje meir som alle tre informantane dreg fram, men korleis brukar dei språket i barnehagekvardagen? Dei fortell alle tre at det å ha lesegrupper er noko dei har mykje. *Informant A fortel at «dei har faste lesegrupper, tema dei går gjennom, har samlingar der dei fortell eventyr og les ulike bøker, dei les mykje biletbøker under fruktmåltidet da er dei sikre på at alle blir lest for»* Informant A og C trekk også fram viktigheita av å benemna ulike ting og det ein snakkar om. *Informant C «Eks i påkledning: Nå tar me på den gule jumperen eller dei stripe sokkan»* Både informant A og B fortell at dei har arbeida med språkstimulering blant tilsette, blant anna språkløyper. *Informant C fortell som dei andre at språket er viktig og at hjå dei blir «Musikk blir brukt som reiskap til utvikling av språket.»* . Musiske aktivitetar og gode samtalar er to aktivitetar som særleg er med på å fremma barns språkutvikling. (Høigård, 2019, s. 167)

4.3 Tankar om at musikk påverkar barns språk og språkutvikling.

4.3.1 Musikk og språk som ein samanheng, er det eit bevisst forhold til musikk og språk i barnehagekvardagen?

Korleis påverkar musikken språket/språkutviklinga til barn? Både informant A, B og C er alle einige om at musikk og språk går hand i hand og heng saman. Gjennom musikk, rim og regler kan ein hjelpa barna med språkutvikling. *Informant A «Til meir ein brukar språket og musikk til meir/betre ordforråd kan barna få»* Både informant A og B dreg også fram dette med rytme når ein skal læra og skriva og lesa. *Informant B «Melodiar og tonar er språkstimulerande»* Musikk og språk er ein viktig del for alle tre gjennom det pedagogiske arbeidet, men informant B og C trekk også fram viktigheita av det spontane og gjentakninga rundt musikk og språk. *Informant B «Musikk og språk er noko som blir lagt bevisst inn i planane, men ho fortell at det også er viktig spontant på golvet.»* *Informant B «Innhaldet i det som kjem ut er ikkje alltid det viktigaste, men gjentakning er ein viktig faktor for læring».*

Informantenes bevissthet rundt musikk og språk i barnehagen. Som *informant A* fortell «det vises igjen i barnehagekvardagen at dei brukar mykje språkstimulering. Dei har framme mykje bøker som er lett tilgjengeleg for barna, dei les mykje høgt både ute og inne og det blir brukt mykje song, rim og regler i løpet av dagen» Dei er alle bevisste på samanhengen mellom musikk og språk, det blir jobba mykje med det gjennom pedagogisk arbeid, og som dei sa tidlegare at det skjer også spontant. Det blir fortalt at bevisstheita rundt det er det både planlagt i planar og spontant, men det blir også sagt av *informant C* at «I personalgruppa hennar er folk ulike og gode på ulike ting, så nokon drar lasset ein plass medan andre drar lasset meir på eit anna område» Nokon har eit meir bevisste forhold til musikk og språk som ein samanheng og har sett viktigheita av det, medan andre på avdelinga har ei ekstra bevissthet rundt andre fagområder. Men alle tre informantane fortell ganske klart at dei prøver å vera bevisste i forhold til musikk og språk som ein samanheng.

4.3.2 Musikkens påverking og korleis blir musikken brukt i forhold til barnas språkutvikling.

Her ser informantane ein tydeleg samanheng på at musikk og språk heng saman, binder saman opplevingar, leik, det er sosialisierende, språkstimulerande og at det er tryggleiksfremmande for barns utvikling. *Informant B* seier «Vanskelege å måla eksakt korleis musikken påverkar språket, men all forskning visar til at barn som blir bada i språk lærar "betre".» Så sjølv om det er vanskeleg å måla eksakt korleis språket blir påverka av musikken kan ein sjå det i praksis at musikken påverkar språket. *Informant C* «Eg har opplevd at barn som elles ikkje har det verbale språket er med og syng songar og kan dei utanåt». Nokon barn kan vera tause når det kjem til språk og snakking, som er heilt normalt, men her kan musikk og song vera ein hjelp for å få tause barn til å bruka det motoriske i språket. Her får barna øvd seg på både lytting og språket utan at det er forventa nokon vidare kommunikasjon (Kulset, 2023. S. 110) For å læra språket gjennom musikken er ein viktig faktor trygghet, *informant C* «Musikken er med på å skapa ein trygghet, barn lærar ikkje utan tryggheten til stades» Samstundes fortell *informant B* at «Språket er bygd opp av rytme og klang. Musikken er ein brubyggar over til språket» Ser tydeleg at språket er ein del av det musiske.

5.0 Drøfting

5.1 innleiing

I dette kapitlet vil eg drøfta funn frå analysen min opp mot problemstillinga. Som nemnt tidlegare så er den: «*Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen*». Eg vil drøfta funn opp mot teori og ulike hovudoverskrifter som eg har satt til: når eit barn lærar språket, rammeplanen og språkstimulerande aktivitetar, musikken som hjelpemiddel for å fremma språket og korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen.

5.2 Når eit barn lærar språket.

Når eit barn er i gong med å læra språket blir dei ulike språksystema lært og ein lærer kva språket blir brukt til. Dette er noko som skjer ubevisst, men me som menneske har ein ibuande iver etter å læra oss språket. (Høigård, 2019. s.79) Det er ikkje lett som vaksen å alltid ha med seg dei ulike språksystema, men dei er fonologi som handlar om det å læra språklydane, det går på det musikalska ved å læra seg språket. Fleire av informantane drog ekstra fram dette med at rytme og melodi var viktig i forhold til språklæringa, og som *Informant B* fortalte «*Melodiar og tonar er språkstimulerande*. Etterkvart kjem ein inn i det ein kallar morfologi som handlar om ordlaging, når ein syng eller det blir fortalt rim og regler er dette noko barna øver mykje på, her får dei gjennom musikken, rim og reglene læra seg korleis orda er bygd opp og øvd på korleis orda blir sagt. Toddlerene er som sagt i ein veldig nysgjerrig og lærevillig alder der den indre motivasjonen drar dei, men også den ytre motivasjonen som kan vera oss vaksne er viktig. Vår ris og ros som me gir barna når me høyrer dei får til det og for eksempel synga ein song eller vera med på å fortelle ei regle tenkar eg er veldig viktig. Eit barn som har utvikla sin indre motivasjon og kjennar til korleis ein kan jobba mot at det er lysten sjølv til å få til noko som er viktig er med på å styrka kompetansemotivasjonen. Medan dei som utviklar ei veldig ytre motivert utvikling vil vera veldig avhengig og opptatt av dei andre sin ris og ros på ting dei gjennomfører, som igjen vil vera med på å svekka barnets kompetansemotivasjon. (Lillemyr, 2018. s. 214) Tenkar det som vaksen kan vera ein god ide og tenka over om ein er med på å styrke barnas indre motivasjon for læring eller om det går mykje på ytre motivasjon for å læra. Da ein som nemnt ovanfor kan vera med på å styrka barns kompetansemotivasjon eller svekka den.

Syntaks handlar om å setta ord saman til ein større innhaldsmessige setning, og her gjennom song, rim og regler kan barn læra seg setningar. *Informant C* fortalte blant anna at «*Eg har opplevd at barn som elles ikkje har det verbale språket er med og syng songar og kan dei utanåt*». Dette er noko som er veldig spennande og interessant, at barn som ikkje har det verbale språket får til å synga songar, og då gjerne heile setningar. Semantikk handlar om det å læra barna kva dei ulike orda betyr, dette tenkar eg er ein viktig del i toddralderen, da dei som sagt her er veldig nysgjerrige og lærevillige. Både informant A og C trakk ekstra fram dette med og benemna ulike objekt og ting dei møtte på i løpet av dagen, slik at barna fekk høyra og sjå kva dei ulike ting eller orda betyr. Som for eksempel eksempelet informant C kom med «*i påkledning: Nå tar me på den gule jumperen eller dei stripe sokkane*». Eg tenkar også på viktigeita av å kunne vise barna ulike konkretar når ein syng eller fortell rim og regler. Dette for at barna skal læra og koplå ord og det som blir sunge eller fortalt opp mot det det faktisk er, eks når ein syng om grisen så kan ein ha konkretar som er ein gris. Språklæring er noko som er med gjennom heile dagen, barn er nysgjerrige og lærevillige, og språket er noko som er ibuande sjå alle menneske.

5.3 Rammeplanen og språkstimulerande aktivitetar

Som rammeplanen fortell er både språk og musikk noko som skal ligge i planane til barnehagen. Det er noko alle i personalet skal vera bevisste på da det er ein del av barnehagen sitt styringsdokument. Personalet skal vere bevisste på at ein har språkstimulerande aktivitetar gjennom barnehagedagen. Musiske aktivitetar og gode samtalar er to aktivitetar som særleg er med på å fremma barns språkutvikling. (Høigård, 2019, s. 167) Informantane fortell alle at dei har eit bevisst forhold til det og arbeida med både musikk og språk og da særleg for å fremma musikken. *Informant B* «*Musikk og språk er noko som blir lagt bevisst inn i planane, men ho fortell at det også er viktig spontant på golvet*. Korleis kan ein jobba enda meir og bli enda meir bevisste på musikk og språk som ein samanheng? Ein tanke er fyst og fremst å vita kva effekt det har. Som det blir skrevet av Nora Kulset at når ein er i samspill med andre gjennom musiske aktivitetar så får barna muligheit til å observera andre som leikar med språket og da kan barna herme og dette er med på at barna får øvd seg

på språklydane. (Kulset, 2023. S. 109) Bruken av musikk er ikkje berre med på å fremma språk. Det er også med å utvikla barns sosiale kompetanse og det er mykje kommunikasjon gjennom dei musiske aktivitetane. Barn som ikkje har språk har rytmen og kroppsspråk, og barn som ikkje kan snakke heile setningar kan gjerne synge ein heil song. Når ein er sosiale rundt song og musikk så er det ikkje språket som er i hovudfokus, men språklæring kjem snikande inn gjennom det musiske. (Kulset, 2023 s. 107)

5.4 Musikken som hjelpemiddel for å fremma språket

Ein viktig faktor for å læra er at ein opplev trygghet. Kjenne at her er det trygt og vera. Slik som *informant C* fortell i intervjuet: «*Musikken er med på å skapa ein trygghet, barn lærar ikkje utan tryggheta tilstade*» Barna treng trygghet for å kunne læra. Trygghet er ein viktig del i eit barns liv, trygghet er viktig i forhold til barns utvikling og læring. For at barn skal kunna læra og utforska omverda er det avgjerande at dei har trygghet og nære omsorgspersonar dei kjenner ein trygghet å vera rundt, både i barnehagen og i heimen. (Høigård, 2019. s 20) Rammeplanen fortell oss også det at alle skal gi barna ei oppleving av trygghet. Når ein har tryggheta er det lettare for eit barn å kommunisera kva dei ynskjer og vil fortella, og da sjølv utan det verbale språket. For toddlerane som det er hovudfokus på, så er jo det barna i alderen 1-3 år. Dette er barn som treng å kjenna sine omsorgspersonar og treng å kjenna på ein trygghet rundt dei som barna er med. Her er eit godt eksempel på at tryggheta er viktig. Toddlerene er barn som gjerne ikkje har språk og som er i alderen der språket skal læres for fullt, så det å ha språkstimulerande aktivitetar er viktig og gull. Da som nemnt kan det gjerast gjennom musiske språkaktivitetar eller aktivitetar som lesing av bøker eller fortelja rim og regler. Toddlerane er i alderen der musikk og rytme er noko dei sug til seg veldig, og er noko som ligg nært til dei. Kva kan me som barnehagelærarar gjera for å få musikk, rim og regler enda meir inn i barnehagen? Ein ting ein kan starta med er først og tenka over bevisstheita av det musiske aktivitetar har av påverking på språket og språkutviklinga. Ein anna ting er å leggja planar, ha faste planar for korleis ein skal bruka musikken og korleis ein kan gjera det spennande og interessant for barna sin del, og da tenka gjennom både det musiske og korleis barna kan ha nytte av det språkmessig.

5.5 «Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen»

Alle mine tre informantar svarte alle at musikken var ein viktig og god nøkkel til å bruka musikk som språkaktivitet og hjelp til språkstimulering. Problemstillinga «Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen». Dei fortalte alle at det blei brukt ulike konkretar til songane, rim og reglene for å hjelpe på benemninga av ord. Òg det blei sagt at dei alle såg ein effekt av bruken, det var nyttig. Går det an å bli enda meir bevisst på at musikk er viktig i språklæringa? Som Nora Bilalovic Kulset skriver i boka: *din musikalske kapital* at musikalitet blir anset som ein medfødt eigenskap hjå alle menneske, og at det er ein eigenskap me treng for å kunna kommunisera med kvarandre. (Kulset, N. 2018, s.42) Det å vere musisk og ha rytmen i kroppen ligg hjå alle og da toddlerene som er i lære og nysgjerrighetsstadiet. Me vaksne må vera bevisste på kva me gir barna, på den eine sida må ein tenka at ein skal gi dei mykje planlagde språkstimulerande aktivitetar og på den andre sida kan ein tenka at det er vell så viktig med dei spontane språkaktivitetane som skjer gjennom dagen. Dette var også noko informantane drog veldig opp, viktigheita av å vera spontan med språket og musikken.

6.0 Avslutning

I dette forskingsprosjektet har hovudfokuset mitt vore å finna ut kva andre barnehagelærarar tenkar om at musikk, rim og regler er med på å påverka barns språkutvikling og læring. Kva dei tre informantane eg var ute og intervjuar tenkte og korleis dei brukte musikk, rim og regler i barnehagekvardagen for å hjelpe barna med språkutviklinga.

Dei var alle tre opptatt av musikk som eit hjelpemiddel til språkutviklinga, det blei brukt både planlagt, gjennom samlingar, rundt på tur, når dei var i gymsalen og det blei brukt meir spontant på golvet i lag med barna på deira initiativ. Det blei fortalt at for nokon av dei låg musikken nærare enn andre i personalgruppa, men at dei da delte på kven som drog lasset ulike plasser og brukte kvarandre som styrker. Eg

syns det er bra at det er eit fokus på musikk som hjelpemiddel til språkutviklinga både si det er forankra i barnehagen sitt styringsdokument rammeplanen at musikk og språk er noko som skal inn i barnehagen og for at ein ser i praksis og les teori om at det er noko som har effekt.

Eg sjølv syns det å ha jobba med tema musikk og språk har vore spennande. Eg har fått ei anna bevissthet og tankar rundt det og bruka musikken som ein reiskap til språkutvikling saman med barna, da gjerne både planlagt og meir spontant. Tenka meir over viktigheita av å vera språkbevisst og kva musikk, rim og regler ein bruker gjennom dagen for barna sin del.

Som sagt kjem eg etter denne oppgåva til å tenka meir over det som var problemstillinga «*Korleis kan bruk av musikk påverka språk/språkutviklinga til barna i barnehagen*». *Eg eg ønsker å bruka meir musikk, rim og regler og vera ekstra bevisste på bruken og benemna og visa konkretar til barna slik at deira ordforråd og språk kan bli betre.*

7.0 Litteraturliste

- Askland, L. & Sataøen, S.O. (2019) *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. (4.utg.) Gyldendal
- Dalland, O. (2020) *Metode og oppgaveskriving*. (7.utg) Gyldenfdal
- Høigård, A. (2019) *Barns språkutvikling, munnleg og skriftlig*. (4.utg) Universitetsforlaget
- Kulset, N. B. (2018) *Din musikalske kapital*. Universitetsforlaget
- Kulset, N. B (2023) Sangens mange veier til språktilegnelse. I S. Haukenes (Red), *Sangglede og stemmebruk i barnehagen*. (104-119) Gyldendal.
- Kunnskapsdepartement. (2017) *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>
- Lillemyr, O-F. (2018) *Lek på alvor*. (3.utg) Universitetsforlaget.
- Røthle, M. (2013) Møtet med de lekende barna. I M. Røthle (Red), *Småbarnspedagogikk: Fenomenologiske og estetiske tilnærminger*. (2.utg. s.121-141) Cappelen Damm Akademisk
- Sæther, M (2017) Musikk og estetiske prosesser i barnehagen. I A.-B. Sæbø (Red), *Kunst, kultur og kreativitet: kunstfagleg arbeid i barnehagen*. (2.utg. Kap 3, s. 79-103) Fagbokforlaget.

8.0 Vedlegg 1. Samtykkeskjema

Vil du bli intervjuet angående ei bachelor-oppgave om musikk og språk?

I dette skrivet gis du informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebera for deg.

Formål:

Eg ynskjer å finne meir ut om kva du som barnehagelærer tenkar om musikk og språk som ein samanheng og korleis musikk blir brukt i barnehagekvardagen for å styrka barns språklege utvikling. Eg har tenkt å intervju ein til to barnehagelærere frå to ulike barnehagar for å høyra deira tankar og sjå på om det er forskjellar frå personane og barnehagane.

Intervjuet vil bestå av ca. 13 spørsmål, og vil vare i maks 45 minuttar. Informasjonen som innhentast under intervjuet vil analyserast og skapa grunnlaget for vidare arbeid mot ei bacheloroppgave.

Problemstilling: Korleis ser du som barnehagelærer på at musikk, rim og regler påverkar barns språklege utvikling

I intervjuet ynskjer eg å spørja deg om følgande tema:

Litt bakgrunnsinformasjon

Kva tenkar du som barnehagelærer om musikk og språk kvar for seg

Kva tenkar du som barnehagelærer om at musikk påverkar barns språk og språkutvikling

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får spørsmål om å delta pga. din stilling som barnehagelærer.

Kva inneberer det for deg å delta?

Eg skal skriva ei empirisk oppgåva basert på kvalitative intervjuar. Dette er ein grei metode for å innhenta informasjon, detaljer og gode beskrivingar. Eg vil stilla spørsmål og samtidig ta litt notater frå samtalen, slik at eg har det til seinare bruk.

Viss du vel og delta i prosjektet vil eg få til eit intervju med deg. Der vil eg intervjuja deg med ca. 13 spørsmål som tar ca. 45min lang tid. I intervjuet vil det handla om musikk og språk, og din tankar som barnehagelærer om dette temaet.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Vis du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å seia noko om grunn. Alle opplysningar om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg vis du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Eg vil bare bruke opplysningane om deg til formåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det vil kun være prosjektansvarlig som har tilgang til dine privatopplysningar. Informasjonen du gjer i intervjuet vil bli anonymisert og delt med veileidar, prosjektgruppe og i sjølve bacheloroppgaven.
- Namn og kontaktopplysningane dine vil bli lagra på prosjektansvarlig sin datamaskin, og vil bli slettet etter oppgåva er levert inn.

Intervjudeltakarane vil ikkje kunne gjenkjennast i publikasjonen.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttas **04.01.2024** Ved prosjektslutt vil personopplysningar slettast.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseras i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få slettet personopplysningar om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet),
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gjer oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Eg behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

Kvar kan eg finna ut meir?

Vis du har spørsmål til studien, eller ynskjer å benytta deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Universitetet i Stavanger ved student
- email:

Med vennlig Hilsen

SAMTYKKEERKLÆRING

Eg har mottatt og forstått informasjon om samtykke angående intervju til bacheloroppgåva og har fått anledning til å stille spørsmål.

Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlas frem til prosjektet er avslutta, ca. 04.01.2024

Prosjektdeltakars namn med blokkbokstaver:

.....
.....

(Signert av prosjektdeltakar, dato)